

# Julabord 14. desember 2013

Av Øyvind Glittenberg

Ditta har eg glett meg te lengje! De e no vane me atte eg lyge. HÆ? Eg ha tenkt en god del på ka eg sku bifynda med, men so har da seg slik atte eg har vore ute på ein heile del såinne so di kadla for helsereise, så eg tenkte atte eg kunde fortelja litt om mine opplevelse på ei av disse.

Eg va for ei ti si på ei sliggi, altså helsereisa, me augene mine. Du vett når da gjelde helsereise so har di jo forskjellige formål. Du reise forsempel ikkje te Haugesund med lissem heile lekamen din på ein gong, du har jo berre med deg ein liten del om gongen. Also meina eg no ikkje atte forsempel nyrene dine fere åleina te byn, da e kje da eg vil fram te! Men der e aldrig nåken plass, sjøl ikkje i byn, so di kan ta seg åv heile lekamen på ein gong. Viss du prøve på da då sende di deg berre tebakers te fastlegen din å seie at almennmedisin e kommunal.

Deffor va eg also i Haugesund me augene mine.

No e da slik atte eg e alltid redde for ikkje å få parkera i byn når eg ha trong for da. So eg pleie vara rikjele tidlikt ute so eg e heilt sikker på å få kvitta meg med karjolen før eg må inn te dokteren. På dinna måten fekk eg litt ekstra tid og jekk derfor øve gato der da va ein kunstbutikk. Bessen på kunstbutikk! I glaset der såg eg da hång ett biletet så hette GUTTA PÅ TUR. Ditta må eg sjå nærare på, tenkte eg og gjekk inn. Då eg kom inn gjekk eg bort å biletet – da va sterke saker! Da stod atte da va ei etsing og syntte to hanar som sprang etter ei høna. Høno må ha vore ei kloksa, sidan det på biletet viste fleire egg som fauk i hytt og ver når høno tok te palings. Høno såg panikksleien ut og sprang som merra den blinde. Då tenkte eg at dette må vera ein annan divisjon av GUTTA PÅ TUR – me er ikkje akkurat kjende for sorit tempo! Men eit kunstverk står jo fritt te å fremtidla da dei vil.

Eg må innrømma atte biletet appelerde te meg, så eg tenkte atte ditta har eg lyst på... På sida av biltet, diskret stukke inn bak ramma, var det ein liten lapp. Der såg eg eit tretal og to nullar. Då tenkte eg att si Nav betalte reiso mi te Haugesund so sku eg bettede kjøpa ditta billede for å ha da som eit minne frå den ti eg va god te vara med i den gjengen! Men du kan no tru da! Når eg bødde meg litt lenger fram og fekk justert dei progressive, såg eg minst eit tretal te framfor da andra og då tenkte eg atte ska ditta kunstverkje bergast for Bremnes Gutta på tur so må da appelerast te dei velbemidla! Hos oss hadde dinna budsjettposten gje på bekostning av dei så trenge da mest – å da hadde aldri gje igjøno. Heima tenke me på eldrebølgo og tar hødda for den. Og dessutan e da demokrati heima siddu – eg vett nemlig kin så styre nettbankjen.

Her er me komne te eit avsnitt, tydelevis. Før har da hendt atte da itte såinne pauza har kome ett stev, men da e jo håplaust gammaldags. Da so gjelde no for tio e jo rap. Å då må enn jo jidda på seg å endra kroppens form og skapelun. Å koss ska enn gammale figur i GUTTA PÅ TUR få te å rappa? Berre rime e jo gørrvanskjele! Ingenting åv da eg kan rima på ræp – så da fysta me må jera e å døpa da om te rap å sjå om da kan frambringa litt

diktareskap. Men så Gro pleidde sei så henge jo alt samen med alt. I raping skal ein jo helst kunna teksten utenat slik atte du kan bruka arma å bein fritt, so å sei. Men for ett menneske som e komen cirka 35 % inn seniliteten -og ikkje har grett å lera ett ord utanboks si før 1985- e jo da utelokka. Så enten må eg ha ett stativ eller så må den eine armen vara nåkolunde i ro. Å da vil jo redusera jiddingjo. Syne e jo ikkje på topp hedle så te lesa nåke så bevega seg e håplaust.

Men ka da ska handla om e derimot ikkje nåko problem. All raping dreia seg jo om urettferdighet, misnøya, diskriminering og forskjellsbehandling. Eg har jaffal aldri haurt ein rap så skildra nåko gledele helde kult. Så her vil eg slå eit slag for dei svakaste i GUTTA PÅ TUR. Me e ikkje få! Ein gong her i haust va me så monge svake atte adle jekk alternativt! Ca. 30 mann! Og då va rektignok dei friskaste i Syden. Ein gong te jekk me te Fet, men da va den dagen me orkan – og så la me te ei sløyfa rundt idrettsplassen. Da va i grunnen nok!

So te rapen:

Te dei sterke vil eg sei at i vårt goda fellesskap  
Hende da me sveklingane må je oss på tap  
Imjødlo kraft og svakhet der e da ett digert gap  
Då e dåkas forståelse ein nyttig egenskap.

Tenk på oss stakkars karane me åra som e tett  
Vår stakkars hjartemuskel har da slettis ikkje lett  
Hans arbeidsplass befinn seg mjødlo kalk og gammalt fett  
Han får for lite oksygen te drifto rett og slett

Alt halvveis oppi bakkane har me mot veggen støtt  
Vårt heila liv og tanke seier «gubba eg e trøtt»  
Den herre motebakkjen e den lengste eg ha møtt  
Mitt liv som friluftsmenneske sku alt ha vore døtt

Da svir og brenn i leggene og låro dirra svakt  
Og føtno stikk og klagar seg, vil ikkje gå i takt  
Me tenkjer på ett eventyr om helikopterfrakt  
Men enda opp med atte da blir berre brukta på slakt

Me snofla i ei brakarot og går på tryne ned  
Og ynskje å få liggja der, krepera heilt i fred  
Då vil støtt einkvan veta ka da e me bala med  
Du kan kje kvila her, finn deg ett betre sted

So turen den går vidare med stønn og sukk og slit  
Og trakking uti myrane med veta og med skit  
Frå håve sila svetten ned, i føtno frosten bit  
På nasen vesaldråpen heng frå munnen fråden kvit

I ondebakkjen ner ifrå ein sabla høge topp

**Me tenkje no blir da litt kvila for vår stakkars kropp  
Då skal de plent bevisa atte de treng ikkje stopp  
De hiv dåke på skjekene og sete farten opp**

**Ein kan vel sakta undrast koffor vil me oss so vondt  
Vel skulde me ha slutta før enn noko ryke sondt  
Da skuldast sikkert vennskapet og felles horisont  
Og ikkje minst om torsdagen å ha ein faste dont**

**For sjøl om disse klagene jo høyrest heisne ut  
Er gledo stor med da å endo vara ein turgut  
Me håpa atte kreftene enn ikkje er heilt slutt  
For gutane på tur er verdt ein ekstra stor salutt**

**De må kje ta bokstavele alt det som her er sagt  
For har da vore skjærmysla er dei tebakelagt  
Ja itte me e heimkommen og ned på benkjen lagt  
Me kjedne at med livet har me enno god kontakt.**

